

Innhald

Hefte 1 2002 Hundreogåttande argangen

Redaktør: Nils Rune Langeland

Redaksjonssekretær

Klartan Helleve. Telefon 22 70 78 60

Abonnement

Sliri Vaggen Olsen Telefon 22 70 78 82

Redaksjonsadresse

Syn og Segn

Postboks 4672 Sofienberg

0506 Oslo

Telefon 22 70 78 00

Telefaks 22 68 75 02

E-post syn.og.segn@samlaget.no

Medlem i Samlaget

Tilgarane er medlemmer i Det Norske Samlaget. Dei som ikkje ønskjer medlemskap, må seie frå om det. Det Norske Samlaget er eit uavhengig litteraturselskap som gir ut bøker på nynorsk (skulebøker også på bokmål). Medlemmene kan kjøpe bøker frå Det Norske Samlaget med 25 % rabatt.

Abonnement

Tidskriftet kjem med fire hefte på 96 sider kvart år. Årsabonnement kostar kr 270 (200 for skulelevar og studentar). Institusjonsabonnement kostar kr 345. Utanfor Norden kjem eit portotillegg på kr 50. Du kan tinge Syn og Segn i ekspedisjonen i forlaget, i bokhandelen eller via elektronisk post. Skulelevar og studentar må opplyse om lærestad.

Manuskript

Syn og Segn er ikkje ansvarleg for stoff og illustrasjonar som ikkje er tinge. Men me tek gjerne i mot gode manuskript. Send dei helst inn på e-post.

Annonseprisar

1/1 side kr. 3000,-

1/2 side kr. 1600,-

1/3 side kr. 1100,-

1/4 side kr. 800,-

Illustrasjonar, layout, sats: Syn og Segn

Tykk: Gjøvik Trykkeri AS, Gjøvik

Printed in Norway

ISSN: 0039-7717

Syn og Segn kjem ut med støtte frå Norsk kulturfond.

www.samlaget.no/synogsegn

Takk

Takk til den tyske ambassaden for lån av flagg.

3 Leiar

Benedikt Jager

4 Kvifor har ikkje Dag Solstad suksess i Tyskland?

Og kvifor har Thomas Bernhard suksess i Noreg? Jager tenkjer høgt om dei litterære diskursane i Noreg og Tyskland og ser på tilhøvet mellom litteratur og makt.

Heming Gujord

22 Noreg som irrasjonalistisk landskap

Germanarsvermeri og noregsromantikk hos Max Beyer og Ernst Jünger. Dei hevda at Noreg ville eigne seg særleg godt til åndeleg verksemd. Det var så lett å komme i kontakt med elementa her, med stormen og stilla, det som ligg før tanken.

Jason

38 Teikneserie

Magnhild Bruheim

42 Diktalarv

Kvifor har enkelte bygder og distrikt fostra så mange diktarar? Er det noko med miljøet, med naturen, med folkelynnet? Eller er det slik at dei første brøyter veg og gjer det lettare for andre å følgje etter?

Sverre Johnsen, Klaus Johan Myrvoll, Anders Olsen og Kjetil Aasen

56 Eit forsvar for norsken

Svar på stykket *Norskfagets forfall og fall*, Samtiden nr. 3/2001. Er det verkeleg slik at ein kan bøte på den manglande interessa for faget ved å gjere om på innhaldet?

Brynjulf Jung Tjønn

62 Fire tekstar

John Dale

66 Norsk utanrikspolitikk: moralen ut, realismen inn?

Kan den forsiktige norske oppførselen i våre dagar relaterast til personar, eller har me å gjera med ei langsiktig endring av norsk utanrikspolitikk, bort frå moralen til ei line styrt av realpolitikk og eigeninteresse?

Jørn Øyrehagen Sunde

70 Juridiske perler

Bernt Hagtvedt og Arne Ruth

80 Intervju med Robert A. Dahl

Ragnfrid Trohaug

92 She belongs to me

HARVARD UNIVERSITY
LIBRARY

APR 02 2002

Eit forsvar for norsken

Sverre Johnsen, Klaus Johan Myrvoll, Anders Olsen og Kjetil Aasen

I SAMTIDEN NR. 3/2001 hev han Trond Andreassen og han Kjell Lars Berge skrive eit stykke med den noko svartsynte yverskrifti *Norskfagets forfall og fall*. Vonleg vert dei ikkje sannspådde, for her er det sanneleg ei vonlaus stoda som vert framsett. Det er greidt nok at dei ottast nedgangen i talet på næmingar på norderlendskfaget, og at dei vil leggja fram syni si på korso denne leide tilstemna kann snuast, men me meiner at dei vantar rimeleg vyrdnad for faghevdi og hev mis-skyna det faget hev stade for og drive med. Dessutan legg dei for mykje av skuldi for at næmingetalet gjeng ned, på innhaldet i faget. Er det so at næmingarne kjem av seg sjølve berre faget vert umgjort?

Me som skriv dette innlegget, er fjore norskhuga næmingar som held til på Vit-skapsskulen i Oslo, og som vil det beste for norskfaget av di me meiner det er so viktugt eit fag. Me ynskjer eit tjodlegt norskfag som byggjer på faghevdi, og som tek vare på den norske mål- og bokarven frå dei eldste tider og fram til i dag. Me er mest upptekne av luten som tek fyre seg målet, og svaret vårt er merkt av det.

Sverre Johnsen (fødd 1980) les germansk,
Klaus Johan Myrvoll (fødd 1981) les nordisk,
Anders Olsen (fødd 1976) les nordisk,
Kjetil Aasen (fødd 1978) les lingvistik,
alle ved Universitetet i Oslo

Han Trond og han Kjell skriv mykje um det mange hev kalla «krisa i norskfaget». Med det tenkjer dei både på nedgangen i talet på næmingar som tek norderlendsk på vit-skapsskularne, ei avskaling av det dei meiner kunde ha vorte kjernefaggreiner, og ei uvissa um kva for tankar faget skal målbera. Dei hev sume gode hugoddar, men me held det for visst at framstillingi deira er noko einlita. Sjølve vil me leggja meir tyngd på dei lange linorne i framvoksteren av norskfaget, og me ser ingen grunn til å brjota med det beste i faget, so som han Trond og han Kjell synest vilja.

Færre næmingar – låkare fag?

Mange ser lagnadstungt på at det vert færre næmingar på norderlendskfaget. Me tykkjer at dette nedgangsløtet fær alt for mykje å segja for ordskiftet ikkring innhaldet og fyreloga åt faget. Jamvel um talet på næmingar gjeng ned eit bil, er det ikkje sagt at det er noko gale med faget i seg sjølv. Kva for nokre fag som dreg til seg mange næmingar, skifter

med tidi og er i stor mun ei motesak. Som han Tor Áfarli høg-

lærer skriv i eit ordskiteinnlegg i Dag og Tid 22.9.2001: «Problemet med dette synspunktet [d.e. at faget må brigdast, skal dei halda uppe næmingetalet] er at norderlendskfaget, i den tida eg har kjent det, har hatt store svingingar i studenttilstrømming, frå 4–5 studentar på grunnfagsforelesingane rundt 1985, til ca. hundre rundt 1995, til ca. 15 eller 20 rundt 2000, og det utan at grunnfagets studieplan har vore vesentleg endra» (vår utmerkjing). Um nokre år kann vinden blåsa ei onnor leid. Då er det sers leidt um nedgangen i talet på næmingar skal ha valda unaudige brigde i måten faget er ihopsett på. Brigde i faget må koma av indre tildriv til uppattnying, og ikkje nøyddast fram av di ein ynskjer å gjera det meir «etande» for næmingar. Det er truleg lite å vinna på det i lengdi.

Me meiner med andre ord at norskfagsfolk bør uroa seg minder for at næmingetalet gjeng ned noko, og i staden hava for auga korso faget kann verta so godt som råd på eige grunnlag. Vansken i dag er at pengestraumen fylgjer næmingestraumen; tilskoti som vert gjevne vitenskapsskulefagi er alt for mykje styrde av næmingetal og «vektttalsproduksjon». Meir frie tilskot kunde ha hjelpt til med å gjera faglagi meir friråduge og fræve. På hi sida kunde høgere lærarløner ha gjort norderlendskfaget meir åtdrøgt. Det er eit sjukdomsteikn at næmingarne vel fag som ikkje fører deim beint inn i skulen. Medan fag som tankesoga, kunstsoga, trudomssoga og ålmenn bokvitskap berre hev auka talet på næmingar, slit vanlege skulefag som tysk og fransk i same motbakken som norderlendskfaget når det gjeld å draga til seg næmingar. Stoda i røyndomsfagi tyder òg på at læraryrket er lite gjævt. Me veit at norskfagsfolket ikkje råder med alt dette sjølv, men det bør hava i tankarne at det fyrst og fremst er noko gale med pengevilkori, og ikkje faget. Det hjelper lite å missa hovudet i ei tung stund. Vårt råd er: Gjev blanke i næmingetali og freista å dyrka faget på eige grunnlag i staden!

Avskala faggreiner

Reint ålment vil me segja at den måten han Trond og han Kjell finn åt norderlendskfaget på, er lite handfast og uklårt utforma. Sume stader er det vandt å skyna kva dei i røyndi vil fram til. Ein av hugoddarne deira er at «vitaliserende fagdisipliner» hev vorte avskala frå faget. Dei tenkjer både på det at faggreiner som kom inn på 1970-talet (sosiolingvistik, pragmatikk, tekstlingvistik osb.) berre vart valfrie emne på hovudfaget og ikkje ein lut av ålaget på grunnfaget, og at det vart skipa eigne fag som *ålmenn bokvitskap*, *medievitenskap* og *norsk til andremål* på 1970- og 1980-talet. Unge granskare emne totte faget vart for trongt for deim, og faghevdi evlde ikkje å taka desse nye emni upp i seg, skal me tru honom Trond og honom Kjell. Meiner dei at alle tenkjelege (og utenkjelege) nye faggreiner skulde ha vorte stappa inn i grunnfagsålaget etter kvart som dei kom upp? Mange hev klagt på at ålaget på grunnfaget femner alt for vidt slik som det er, og mest truleg hadde ei slik utviding berre ført til ei endå større og meir uyversynleg grunnutdanning i faget enn den me hev no.

Mot enden av stykket (s. 54) mæler han Trond og han Kjell mot å «slippe fri de krefter som i vitenskapsflinkhetens navn vil stykke opp faget ytterligere i spesialiserte fagdisipliner som kan settes sammen like vilkårlig som en gjennomsnittlig kursdeltager på et eller annet hotell setter sammen sin lunsjtallerken av alle slags småretter, fra svinesteik til sushi.» Det er godt at dei fæler for ei slik slumpesam stoda, men me må sannkjenna at me må velja nokre emne fyre andre, anten det stend upp til næmingarne elder fagfolket. Når alt kjem i hop, må vel òg han Trond bokvitar og han Kjell tekstgranskar setja nokre emne fyre andre, og kva for faggreiner vil dei fremja då?

«Gustav Indrebø-syndromet»

Til å skildra kor fastlæst norskfagsfolket hev

vore og er, hev skrivararne laga seg eit eige ordlag. Dei talar um eit «Gustav Indrebø-syndrom» som dei segjer hev herja (og herjar?) målvitskapen i norskfaget: «Fagets maktpersoner krevde en klar nasjonal be-kjennelse av dem som ønsket innpass i faget. Syndromet bestod i et ønske om å innsirkle, definere og bevare det ekte «norske.»» (s. 50). Me meiner det er sers uhøvelegt at dei nyttar namnet på ein kjend norsk målvitskapsmann frå millomkrigstidi til å setja namn på noko som i deira augo truleg kann liknast med ein sjukdom. Dette syner vel kor langt undan faghevdi dei er komne i åttinnugskapen sin, og kva for hjelperåder dei er viljuge til å taka i bruk.

Når det er sagt, kann me ikkje sjå noko grunnleggjande gale i å krevja at mål-granskarar som vil høyra heime i norskfaget, skal samla seg um det som er tjodhåtta. Um det ikkje er å skilja ut, granska og taka vare på det norske målet, kva er fyreloga åt norskmålvitskapen då? Me ottast at det er for liten kjennskap til norsk målvitskap og det han hev å segja for norderlendskfaget, som fører til slike ovbodne synsmåtar. Det ser me klårt av det dei skriv um korso dette «syndromet» hev merkt talemålsgranskingi (s. 50): «Men talemålsdisiplinen er først og fremst en disiplin der norske dialekter blir studert. Det innebærer at norsk talespråk studeres på grunnlag av de stedene folk en gang kom fra, den gården mange nordmenn har sitt etternavn fra eller de varianter som man antar at folk snakket *en gang* eller *opprinnelig*» (deira utmerkjingar!).

Syni dei hev på hevdvunni målgransking og målførekunna er rett og slett skræmmande. Dei segjer beint ut at det er bygt på tykkjing og truer (jf. ordet «antar» i hermet ovanfyre), og at målføregranskararne som fór ikring på bygderne og i byarne i Noreg, *dikta upp* innsamlingi si utfrå korso dei trudde målet ein gong var, og fann upp heimelsmenner som tala det målet som ikkje fanst meir. Nett den trui er dei vonleg åleine um å hava i

norderlendskfaget. Me som hev skrive dette stykket, hev gjort sum målføreinnsamling sjølve, og me hev gått åt at dei gamle (og jamvel dei halvgamle) talar tolleg reint målføre den dag i dag. Han Trond og han Kjell trur kann henda at målføri er daude, for dei lyder vel berre etter Oslo-mål, og styrer undan alle målførebøker. «Tenkt» og «laga» bygdarmål lyt vika for røynelegt og livande bymål. So på hovudet er det råd å setja det, diverre.

Dei slær fast at det fyrst og fremst er norske målføre som vert granska innanfyre talemålsgranskingi. Vøre det so vell! Sanningi er at faggreini sosiolingvistikk, som ein kunde tru aldri fekk noko serlegt rom i norderlendskfaget etter det han Trond og han Kjell skriv, hev herja faget so det snaudt er nokon som driv skapleg målføregransking lenger. Det er ei sers låk stoda av di det burde vore heimvaksne, norske målføre som hadde vorte granska i staden for norsk-dansk og ymse andre blandingsmål. Det vert ikkje noko betre av at talet på tilsette på Norsk målførearkiv på Vitskapsskulen i Oslo hev vorte skore ned på mange gonger, og i dag er det berre éin tilsett, han Andreas Bjørkum, som endar arbeidet sitt våren 2002.

Det er fulla drjukt når dei segjer at talemålsgranskingi tek fyre seg talemålet på «stedene folk en gang kom fra» osb. Dei meiner visst at det ikkje bur folk utanfyre dei store byarne lenger; etter det me veit hev ikkje dei norske bygderne vorte avfolka heilt enno, jamvel um det er sterke krafter som synest vilja det. «Det språk folk måtte finne på å snakke i byer og i sentrale strøk av landet, eller det språket de utvikler i moden alder, er i så måte uinteressant», held dei fram.¹ Her er ordet «moden» snaudt valt på slump. Kvifor ikkje det umerkte *vaksen?* «Hjelpelaust barnemål lyt vika for moge vaksenmål» er fulla det dei meiner.

Ei fylgja av «syndromet», skal me tru skri-vararne, er at «det synkrone standpunkt i språkforståelsen er den tid da Ivar Aasen

samlet inn de norske dialektene. Det er først og fremst innenfor rammen av en slik forståelse av hva kjernen i norsk talespråk er at norrøndelen av norskfaget har sin begrunnelse.» (s. 50). Det er audsynt at dei ikkje kann ha sanna at det meste av det me veit um nynorske målføre, er samla inn *etter* tidi då han Ivar Aasen verka. Me kann til dømes nemna at den fyrste store utgreidingi um eit norskt målføre kom i 1894 med *Lydlæren i den solørske Dialekt*, som han Amund B. Larsen skreiv, og at det meste av målføretil-fanget til det planlagde verket *Norsk dialekt-atlas* vart samla inn på 1950- og 1960-talet.²

Han Trond og han Kjell skriv at opplæringi i norrønt mål vert grunngevi ut ifrå det dei meiner er eit avlagt talemål. Trass i at talemålsbrigdi gjeng i norsk-dansk leid i dag, er det ikkje sagt at norrønluten er uturvande. Det er enno mange som hev eit talemål som må tydast ut frå gamalnorsk, utan umsyn til dansk elder norsk-dansk, og det finst mykje norskrøtt tilfang jamvel i talemålet åt deim som hev gjeve mest etter for bokmålet. Og um sambandet med talemålet åt næmingarne vert skjepla, hev norrønt mål eit eige verde av di det er det eldste målstiget med hev rike kjeldor frå; Noreg (og serleg Island) stend i ei serstoda i Norderlandi med eit godt utbygt bokmål i millomalderen.

Same kva ein held for norskt mål i dag, kann ein ikkje lata ute norskt mål i tidlegare tider – korkje gamalnorsk elder «de varianter som man antar at folk snakket en gang eller opprinnelig» – skal ein få ei heilskapleg inn-føring i norskt mål. Skal ein skyna målet og målstoda i dag, tarv ein grann kunnskap i målsoga og tidlegare målstig. Mange i dag synest meina at me ikkje treng grunnleggj-ande kunnskap um gamalnorsk og nynorske målføre lenger. Det er talemålet til næmin-garne sjølve og skriftmålet (helst det unorske, må vita) som er verdt å granska. Målsoga er verdlaus for samtidi, for samanheng og røter er berre skjeplande, for vanskelegt, rett og slett. Og det er noko i det, for storluten av

næmingarne skriv og talar eller legg um til norsk-dansk, eit mål som hev fælt lite saman-heng med gamalnorsk og målføri, som vert mest framandmål for deim. Men det er ikkje til å koma frå at sers mange av deim hev vakse upp med eit norskt talemål, anten det er bymål eller bygdarmål. Hadde lærararne lagt dét til grunn, kunde dei synt næming-arne det nære sambandet millom gamal-norske former og dei formerne kvar einiskild kjenner til frå målføret sitt. Men i staden fær me framandgjering, som endar i fåkunna og vanvitskap.

«Fagets avmektige arvinger»

Under denne yverskrifti skildrar han Trond og han Kjell den nye ættleden norskfagsfolk som kom inn på 1970-talet. Han var «oppflasket med en venstre-nasjonal for-ståelse av faget», og dei slær fast at «arvingene overtok faget slik det var og maktet ikke å skape noe nytt» (s. 51). Det er ei klår mistyd-ning at den nye ættleden ikkje skapte noko nytt. Det var denne ættleden som fekk ført inn ei rad nye faggreiner, m.a. sosiolingvis-tikken og tekstlingvistikken, noko skri-var-arne kjem inn på ein annan stad i stykket (s. 49).

Eit anna spursmål er um dette gav faget nytt liv. Han Trond og han Kjell skriv at sosi-olingvistarne fór snøgt yver talemålet i dei største byarne, men som dei peikar på, «ble det med den innsatsen» (s. 51). Kva kann grunnen til det vera? Me trur det botnar i at sosiolingvistikken hev lite forvitnelegt å koma med. Sidan 1970-talet hev det kome ei rad bøker um hevdvunne målføre, ikkje minst um ord og ordlag, men det hev ikkje kome serleg mange bøker som ser målet frå sosiolingvistisk synsstad. Verdt å merkja seg er at dei fleste av desse målførebøkerne er skrivne av lekfolk, men det som er skrive um sosiolingvistikk, hev berre kome frå «norsk-fagets avmektige arvinger».

Det er med andre ord ikkje so at dei som tok ved faget på 1970-talet, tok serskilt vare

på arven frå fyremennerne. Dei hev i stor mun vanda verket åt gode norskmålsgranskarar, og no er dei ved å velta målluten av faget. Dei hev ikkje fenge augo upp for kva for samanhengar og voksterlinor det finst i norskt mål, og det er dét som gjer at me kann tala um ei røyneleg knipa i norderlendskfaget. Tvo døme på kor uvitskaplegt faget kann verta i denne stoda:

1. Den 14. i niandemånaden i fjord heldt han Arne Torp næsthøglerar ei fyrelesing um «trykkavhengig morfofonologisk veksling og leksikalisering av trykklette ordformer» (so endeframt kann det segjast!). På eit hjelpearke som han etla ut, stod det piler (>) millom norrøna og ei rad bokmålsformer, t.d. *hvat* og *iva(:)*³, *frá* og *fra* og *segja* og *si*. Det vert heilt rangsnutt å setja upp ein samanheng millom norrønt mål og norsk-danskt bokmål, for ein slik samanheng finst ikkje.⁴ Norsk-dansken hev upphavet sitt i danskt mål, og det hadde havt meir fyre seg å visa til gamaldansk i staden. Han Arne er ikkje åleine um å setja upp slike ordsogor, t.d. finst det ei rad utav deim i både *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (mest i *Bokmålsordboka*, rimeleg nog), og seinst i *Våre arveord* (2000), som han Harald Bjorvand og han Fredrik Otto Lindeman hev skriva.⁵ Anten dei er drivne av eit ynske um å gjera bokmålet norskare enn det er, elder det kjem av rein vankunna, vert det like gale og uvitskaplegt.

2. I boki *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (1993),⁶ som han Arne Torp og han Lars Vikør hev skriva, nyttar dei fylgjerett nemningi «moderne norsk» for målet i Noreg i nyare tid. Fram til no hev det vore vanleg å tala um *nynorsk*, t.d. «det nynorske målstiget» og «dei nynorske målføri». Det er berre av di dei vil femna um norsk-danskt bokmål at dei vel nemningi «moderne norsk». Me kann ikkje sjå at det er nokon grunn til det. På same tid veikjer dei den klåre samanhengen med det *nynorske* skriftmålet. Kvifor skal dei gjera det? Det fører berre til villeiding og at

dei misser syni for at norsken i dag (*nynorsk*) kjem av *millomnorsk*, som kjem av *gamalnorsk* att. Boki hans Arne og han Lars vert nytta til lærebok i målsoga på grunnfaget i Oslo,⁷ og det fører venteleg til at næmingarne ikkje fær sjå sanningi i augo.

Som han Gustav Indrebø peika på i stykket *Bymål og nynorsk* i Syn og Segn 1926, då han skreiv um nemningarne på dei tvo måli i Noreg, «[skylder] norske granskarar [...] å lata det røynelege måltilstandet i Noreg koma tydeleg fram gjennom den terminologi dei nyttar – utan omsyn til målpolitisk standpunkt» (vår utmerking).⁸ Det gjeld den dag i dag. Kann henda «Gustav Indrebø-syndromet» burde ha vore meir utbreidd millom «fagets avmektige arvinger» enn det er i dag?

Sergjeringi åt norderlendskfaget

Mot enden av stykket kjem han Trond og han Kjell med eit ynske um at norderlendskfaget skal verta eit «tekstfag». I motsetnad til det me hev fenge tokken av lenger framme i stykket, mæler dei for at faget skal vera «et nasjonsbærende og nasjonskultiverende dannelsesfag med ansvar for studiet av språket i landet vårt [...]» (s. 54). Det kann me best gjera med å granska «de tekster og tekstkulturer det brukes til», meiner dei. Det er forvitnelegt å sjå at dei ikkje kjem undan å draga inn det tjodlege når dei skal grunn-gjeva det nye «tekstfaget» sitt.

Det dei segjer um kva denne umgjeriing til tekstfag tyder i røyndi, er at «det skal sette studentene som tar det i stand til å ivareta utfordrende arbeidsoppgaver i den norske tekstkulturen, enten det er som journalister eller som informasjonsmedarbeidere i en bedrift eller et konsulentfirma, enten det er som forlagsredaktører eller tidsskriftmedarbeidere, enten det er som lærere eller lektorer i skolen eller høyskolen, enten det er som kulturkonsulenter og kulturmedarbeidere i en offentlig etat eller i en kulturinstitusjon» (s. 54-55). Me spyrr: Kvar vert det av

vitskapen uppe i alt dette? Med å gjera norderlendskfaget til eit «tekstfag» ynskjer han Trond og han Kjell å lempa det etter norskfaget i skulen: «Alle som har fulgt med i utviklingen av norskfaget i ungdomsskolen, i videregående skole og på lærerhøgskolene, vet at norskfaget i alle de tre skoleslagene i stor utstrekning har blitt til et slikt tekstfag.» (s. 55). Jamvel um tekstgransking er mykje nytta i opplæringi i skulen, er det ikkje dimed sagt at det skal vera hovudleitet for næmingarne. Skal ikkje norderlendskfaget læra upp nye norskmålsgranskarar òg? Han Trond og han Kjell synest som dei ikkje vil gjeva gaum etter soga i det heile, sidan dei vil skjera ned på norrønt mål, målsoga og hevdvunne målføre. Det er det me kallar *sogeløysa*, og det fører aldri til god vitskap.

Ein kann få tokken av at skrivararne er leide for at tekstlingvistikken ikkje hev fenge det romet han er etla til, so som ålmenn bokvitskap og medievitskap hev fenge det i eigne fag. Ynskjer dei å bøta på det med å gjera um heile norderlendskfaget til eit «tekstfag»? Han Tor Åfarli høglerar skriv i Dag og Tid den 22.9.2001: «Derfor kan ein spekulere på om den eigentlege drivkrafta for ein del av kritikarane (medvite eller umedvite) kanskje heller er eit håp om at krisemaksimering gjennom ei allmenn diskreditering av faget kan opne ein sjanse til å gjenoppbygge faget etter eige hovud.» Me vil segja oss samde i tolkingi hans Tor; på oss synest det som han Trond og han Kjell er i anna ærend enn å gagna heilskapen i faget.

Me meiner at dersom norderlendskfaget skal hava eit eige rom i høve til den ålmenne målvitskapen og bokvitskapen, må det hava eit serhåtta og norskt innhald i høve til desse fagi. Kva skal eit norskfag vera godt for um det vantar *norsken*? So norderlendskfaget ikkje skal verta ein liten lut av eit komande «Institutt for medier og kommunikasjon», er det um å gjera å halda uppe den sergjeriingi som faget hev med å granska det norske

målet. Då nyttar det ikkje å tala um norderlendskfaget liksom alle meiner at det er avleggs og lite forvitnelegt, so som han Trond og han Kjell gjer. Me treng eit norskt norskfag!

Ordtydingar

faglag	fagmiljø
hugodd	poeng
høglerar	professor
nedgangsløt	nedgangsstemning
næming	student
ovboden	ekstrem
røyndomsfag	realfag
tankesoga	idéhistorie
tjodhått	nasjonalkarakter
trudomssoga	religionshistorie
vitskapsskule	universitet
ålag	pensum
åtdrøg	attraktiv
åtfinnugskap	kritisk innstilling

Fotmerknader

1 Dei gløymer at han Amund og dei granska bymåli i Oslo, Bjørgvin og Stavanger alt tidleg i fyrre hundradåret (i same fylgd 1907, 1912 og 1925). Når alt kjem i hop hev bymåli vorte granska helder mykje her til lands, og difor veit me mykje um korso dei hev vakse fram og korso dei svarar til bygdarmåli.

2 Det er ei skam for norsk målgransking at dette verket ikkje hev vorte utgjeve. Det ligg 131 målføreark på Norsk målførearkiv, ferdige til å trykkjast, og endå fleire er det laga utkast til. Kva kunde det ikkje ha gagna norsk målgransking um denne kjelda hadde vorte lettare tilgjengeleg?

3 Det stod ikkje kva uttala /va(:)/ skulde vera døme på, men på spursmål frå ein av oss svara han at det var bokmål han hadde meint. Det er skillegt òg etter di norsk-dansken er det einaste målet i Noreg der denne formi finst. Dette dømet skjlepla elles ein av hugoddarne hans, som var at medljodsambandet *hv-* veks ulikt i spyrjeord enn i andre ord i mange målføre (/vit/, men /å:/).

4 Det finst former i bokmål som lyt tydast ut frå norsk målvokster, men dei er fåe (lån frå norsk), og ingi av deim han Arne sette upp, fell innanfyre denne flokken.

5 Sjå meldingi hans Sverre Johnsen i Vestmannen nr. 3/2001.

6 Han Gustav Indrebø gav ut *Norsk målsoga* (1951), men desse «avmektige arvingene» nøgjer seg med hovuddragi.

7 I staden for «målsoga» kallar dei det «språkutvikling» no, kann henda av di «målsoga» verkar for traust og atterskodande; målet hev allveg vore i «utvikling», og det er endå meir um å gjera at næmingarne ikkje trur at målet stend stilt i dag.

8 Stykket er trykt upp att i *Kva er måltreising?* (1976). Me hev hermt frå sida 107.